

Skodje kommune

**Strategisk
næringsplan
2006 – 2010**

Vedteken av kommunestyret i møte 31.10.2006, sak 39/06

Strategisk næringsplan skal rullerast minst ein gong i planperioden.

INNHALD:

I. INNLEIING	3
II. STRATEGISK NÆRINGSPLAN MÅ SJÅAST I SAMANHENG MED ANDRE PLANAR	4
KOMMUNEPLANEN OG ØKONOMIPLANEN	4
PLANAR INNAN LANDBRUKET	4
STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR MØRE OG ROMSDAL	4
III. GENERELLE PLANFØRESETNADER	5
NOKRE FAKTA OM SKODJE KOMMUNE	5
NÆRINGSSTRUKTUR	6
PRIMÆRNÆRINGANE	7
SEKUNDÆRNÆRINGANE	7
SERVICENÆRINGANE	9
IV. MÅLSETTING	14
OVERORDNA MÅL	14
MÅLSETTING ANDRE PLANAR	14
V. STRATEGIAR	15
SKODJE SOM EIN ATTRAKTIV KOMMUNE FOR ETABLERING	15
NYETABLERING OG VIDARE UTVIKLING AV NÆRINGSLIVET	16
REGIONAL NÆRINGSUTVIKLING	16
VI. HANDLINGSPLAN	17
SKODJE SOM EIN ATTRAKTIV KOMMUNE FOR ETABLERING	17
NYETABLERING OG VIDARE UTVIKLING AV NÆRINGSLIVET	18
REGIONAL NÆRINGSUTVIKLING	19
VII. VEDLEGG	20

I. INNLEIING

Kommunestyret vedtok i møte 28.03.95, sak 95/00013, at det skal utarbeidast ein strategisk næringsplan for Skodje kommune. I møteboka står det følgjande om saksutgreiinga:

*F*øremålet med utarbeiding av næringsplan er å setje handling inn i en bevisst heilskapleg samanheng, der kommunen som næringane i kommunen arbeider mot felles mål. Skal vi lukkast i planarbeidet må næringslivet og kommunen bli samde om dagens situasjon og korleis vi best kan nå måla.

Dette er ført vidare i kommuneplan for Skodje 1995-2006 der eit av måla nettopp er å arbeide for betre kommunal kontakt og gjensidig informasjon med alle delar av næringslivet.

Tiltak for å nå måla er utarbeiding av strategisk næringsplan.

Utarbeiding av strategisk næringsplan er altså eit av tiltaka, og strategisk næringsplan er meint å vere eit styringsverktøy der kommune og næringsliv har sams mål for vidare næringsutvikling i Skodje kommune.

For utarbeiding av strategisk næringsplan oppnemnde kommunestyret ei styringsgruppe. I styringsgruppa er det representantar frå politiske parti, næringsorganisasjonar og kommuneadministrasjon:

Kjell Arve Reiakvam (FRP) Saksordførar

Hogne Rørvik (SP) Kommiteleiar

Jorunn Kalvatn Strømmen (AP)

Ole Per Storhaug (KRF)

Alvar Skarpnes (FRP)

Ståle Hjelseth (V)

Terje Vadset (FRP) Ordførar.

Nærings saker i kommunen ligg under ordføraren sitt ansvarsområde..

Planen skal leggast fram til politisk handsaming våren 2006.

II. STRATEGISK NÆRINGSPLAN MÅ SJÅAST I SAMANHENG MED ANDRE PLANAR

KOMMUNEPLANEN OG ØKONOMIPLANEN

Kommuneplanen og økonomiplanen skal leggest til grunn ved all planlegging, forvaltning og budsjettarbeid elles i kommunen. Strategisk næringsplan skal inngå som ein delplan til kommuneplanen, og skal seinare rullerast saman med denne.

PLANAR INNAN LANDBRUKET

Skogbruket har ein tiltaksplan for planperioden 1989-1999. Det skal vidare utarbeidast områdeplan for skogbruket. Planen vil innehalde ein transportplan og ein strategisk næringsplan.

Landbruksdepartementet har i St. prp. nr. 8 (1992-93) tilrådd at det skal utarbeidast tiltaksretta miljø- og ressursplanar for landbruket i den enkelte kommune. Dette vil vere ei vidareutvikling av det arbeidet som frå før er gjort med tiltaksplanar for skogbruket. Målet med ein slik plan er at landbruket blir sett inn i ei heilheitleg ramme. Planane skal klargjere landbruksinteressene i høve til andre sektorar og kommunale mål, og skal dessutan skape grunnlag for forsvarleg styring av den offentlege verkemiddelbruken. Arbeidet med ein slik landbruksplan er kome i gang.

Det føreligg ein verneplan for delar av skogen i Skodje der ca 10 % av produktiv skogareal bli bandlagt.

I 2005 vart det utarbeidd plan for biologisk mangfald i kommunen.

STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR MØRE OG ROMSDAL

Møre og Romsdal er i dag det 4. største industrifylket i landet. Fylket har eit allsidig næringsliv og det er i dag høg etterspurnad etter arbeidskraft.

Møre og Romsdal fylkeskommune sin strategiske næringsplan for fylket for perioden, har fire strategiar: Omstillingsstrategi, nyskapingstrategi, kompetanse- og rekrutteringsstrategi og infrastrukturstrategi. Fylkeskommunen har lista opp ei rekkje med tiltak og aktivitetar innanfor desse. For nærare detaljar sjå planen.

III. GENERELLE PLANFØRESETNADER


NOKRE FAKTA OM SKODJE KOMMUNE

Skodje kommune ligg i sentrum av Ålesundsregionen, og regionen er rekna for å ha sams bu- og arbeidsmarknad. Næringslivet i regionen er variert og arbeidsløysa er låg. Ser ein bort frå Haram, ligg regionen utanom verkeområde for distriktpolitiske verkemiddel.

Det er høg pendlarfrekvens i heile Ålesundsregionen, og berre i Skodje pendlar om lag 60 % av dei yrkesaktive. Ålesundsregionen er arbeidsmarknaden for om lag 77% av desse. (Kjelde: Statistisk sentralbyrå, gjeld 4. kvartal 1996)

Det totalt innbyggjartalet i Skodje kommune er svakt stigande. I 1980 var folketalet i alt 2.852 og i 1990 3.355. ved årsskiftet 2005, var folketalet 3638. Av desse var x menn og x kvinner.

kvinner. (Alle tale er per 1.1.) Aldersfordelinga er som følgjer:



Figur 1.

(Kjelde Statistisk sentralbyrå.)

Skodje kommune har eit godt tenestetilbod, og har i fleire år satsa på barn og eldre.

Innan eldreomsorg har ein i basert seg på omsorgsbustader, heimebaserte tenester.


Ny sjukeheim vart teken i bruk i februar 2002.

Det er spreidd busetnad i kommunen, og Skodje kommune har inntil endringane i barnehagesatsane, hatt full barnehagedekning. Etter endringane i satsane, har pågangen etter barnehageplassar auka, og dette gjer at kommunen står framfor investeringar på området.

I tillegg til aktive grendelag har kommunen eit rikt kulturliv med mange lag og organisasjonar.

NÆRINGSSTRUKTUR

Næringsstruktur viser følgjande fordeling i Skodje kommune:



Figur 2.

(Kjelde Statistisk sentralbyrå.)

PRIMÆRNÆRINGANE – UTVIKLINGSTREKK

Skodje kommune har 28 aktive gardbrukarar. Husdyrbruk med mjølkeproduksjon og kjøttproduksjon på storfe og sau er dei viktigaste driftsformene. I 2004 hadde kommunen 251 mjølkekyr, 460 andre storfe og 207 vinterfora sauer. Jordbruksarealet i 2004 var på 5158 daa og samla mjølkekvote i 2005 er no

1 488 206 l.

Nye driftsformer er i ferd med å gjere sitt inntog i landbruket. Spesielt har det vore ein kraftig auke når det gjeld hestehald og ulike aktivitetar knytt til hest. Det var registrert 10 hestar i 1999 og i 2004 hadde kommunen 74 hestar. Elles er det aktivitet innanfor lokal vidareforedling og ”inn på tunet” tiltak. ”Inn på tunet” tiltak er tiltak for barn, ungdom og vaksne knytt til eit gardsbruk der gardsbruket skal vere ein ressurs for personleg utvikling og læring.

Rekruttering til landbruksnæringa har vore svak i mange år. Den økonomiske utviklinga i landbruket og ein arbeidssituasjon med lite fritid er to faktorar som veg tungt når mange unge i dag er usikre på om dei vil ta over og drive gardsbruk.

Tiltak som kan lette rekrutteringa til næringa, vil difor vere avgjerande framover. Kommunen har i dag 2 heilårssamdrifter som har vore eit positivt bidrag for ny optimisme og framtidsretta satsing. Talet på samdrifter kan aukast sidan det er 12 mjølkeprodusentar som i dag ikkje deltek i slikt samarbeid.

Skogtakseringa i Skodje frå 2004 viser eit skogareal på 92.865 daa. Av dette er 50.440 daa produktiv skogsmark som fordeler seg på om lag 200 eigarar. Total masse er 324.457 m³ med eit gjennomsnitt på 6,4 m³ for kvart daa. Av den totale kubikkmassen utgjer 58 % furu, 25 % gran og 17 % lauv. Dei første 10 åra kan det haustast 10.865 m³ kvart år.

Eigedomane er ofte teigdelte, og det er få som har eit ressursgrunnlag i skogen som er stort nok til å gi ei vesentleg styrking av inntekstgrunnlaget på gardsbruket. Tiltak som bidreg til økt inntekt frå skogen, og som fører til betre organisering av omsetting av tømmer i distriktet, vil vere viktige faktorar for å auke aktiviteten i skogbruket. Prisane på trevirke er også ein viktig faktor for å få auka hogsten og få betre lønsemd i næringa.

Det er eit matfiskanlegg i kommunen. Fiskerinæringa er ikkje markert i kommunen. Det er registrert om lag 42 fiskarar, og ein seitrål på 26,5 meter.

SEKUNDÆRNÆRINGANE

I følgje figur 2 er industri ei av dei dominerande næringane i Skodje kommune med heile 32 % av arbeidsplassane. Bygg og anlegg sysselset 12%. Industrien i Skodje

kommune er variert, og ingen bransjar er dominerande sjølv om nokre er meir markerte enn andre som t.d. verkstadindustri.

For 1995 og 2006 er det følgjande endringar i talet på bedrifter innan industri, og bygg og anlegg:

	<i>Skodje</i>		<i>Ålesundsregionen</i>	
	<i>1995</i>	<i>2006</i>	<i>1995</i>	<i>2006</i>
Industri	31	40	438	491
Bygg og anlegg	54	65	526	635

Tabell 1.


(Kjelde: Statistisk sentralbyrå.)

Ålesundsregionen femner om kommunane Giske, Haram, Skodje, Sula, Ørskog og Ålesund.

I perioden har det vore nedgang i talet på bedrifter innan bygg og anlegg både i kommunen og heile regionen. Den relative nedgangen i Skodje er på 13 %, medan nedgangen i regionen er 10 %.

Skodje kommune har auka talet på industibedrifter, og auken utgjer 19 %. I Ålesundsregionen er det derimot ein nedgang på 2 %.

Skodje kommune har ikkje hjørnesteinsbedrifter, og dei fleste bedriftene er små eller mellomstore. Fordelinga på årsverkgrupper har vore relativt jamt. Bedriftene fordeler seg slik i 2006:



Figur 3.
(Kjelde: Statistisk sentralbyrå)

SERVICENÆRINGANE

Skodje kommune ligg nær Ålesund og innbyggjarane bruker i stor grad dei tilboda som er tilgjengeleg i byen. Framveksten av servicenæringar i Skodje kommune er ikkje like stor som i Ålesundsregionen elles.

Dei tenesteytande verksemdene fordeler seg slik i 2. kvartal 2006

	Skodje	Ålesundsregionen
Varehandel, hotell og restaurant	37	1403
Transport, post og telekommunikasjon	19	361
Bank, finans, forsikring	1	57
Offentleg, sosial og privat tenesteyting	95	2559

Tabell 2.

(Kjelde: Statistisk sentralbyrå.)

REISELIV I SKODJE

Innleiing

- 1) Reiselivsnæringa – utvikling og trendar nasjonalt og internasjonalt
- 2) Destinasjon Ålesund & Sunnmøre sitt arbeid
- 3) Forsteiningar for å lukkast lokalt
- 4) Kva tilbod finst på Skodje i dag

1. REISELIVSNÆRINGA – UTVIKLING OG TRENDAR NASJONALT OG INTERNASJONALT

Reiselivsnæringa er Norges raskast veksande næring. Internasjonal turisme veks, og Norge trapper opp marknadsføringa for å få sin andel av denne veksten. Konkurransen om å tiltrekke seg turistane er hard og byr på krevjande utfordringar.

Kvar enkelt aktør i reiselivet kan ikkje aleine ta opp denne konkurransen, men i fellesskap kan vi klare det. I Møre og Romsdal er det derfor etablert 4 destinasjonsselskap som skal marknadsføre sine kommunar og reiselivsaktører i desse kommunene. Destinasjon Ålesund & Sunnmøre er eitt av desse selskapa, som har ansvar for Ålesund, Skodje, Ørskog, Stordal, Haram, Giske, Ulstein, Sande, Hareid, Herøy, Vanylven, Sula, Sykkylven, Volda og Ørsta (frå 1.juli 2006).

Reiseliv er ei næring Sunnmøre har dei aller beste forutsetningar for å lukkast med. Vi kan tilby turistane fjell, fjorder, kysten og en Jugendstilby som er unik i verdssamanheng. I samarbeid kan vi bli synlege i den store konkurransen om turistane.

2. DESTINASJON ÅLESUND & SUNNMØRE SITT ARBEID

Destinasjon Ålesund & Sunnmøre sin hovudoppgåve er å marknadsføre Ålesund & Sunnmøre nasjonalt og internasjonalt. Arbeidet vert utøvd i tett samarbeid med Møre og Romsdal Reiseliv, Fjord Norge AS og Innovasjon Norge. Det vert produsert eit breitt utval av publikasjonar til distribusjon i inn- og utland i forhold til selskapet sin merkevarestrategi som har til hensikt å både informere om og profilere Ålesund & Sunnmøre som reisemål (sjå pkt under). I tillegg marknadsfører ein reisemålet gjennom dei offisielle internettsidene som er å finne på www.visitalesund.com i norsk og engelsk versjon. Den internettbaserte fototenesta www.imageshop.no/alesund sørgjer for at bilder frå destinasjonen blir gjort tilgjengeleg til turoperatørar, reklamebyrå, presse og liknande med ei rekkje gode oppslag i media og i turoperatørane sine kataloger som resultat.

Ålesund & Sunnmøre Guide

Den offisielle reiseguiden for Ålesund & Sunnmøre er planleggingsverktøy nummer 1 for turister før og under reisa. Destinasjonsguiden vert utvikla av Destinasjon Ålesund & Sunnmøre og vert gitt ut i 120.000 einspråklege eksemplar på norsk, engelsk og tysk. Forutan ordinær distribusjon til Turistkontor i Sør-Norge og til medlemsbedrifter i regionen, vert guiden også distribuert til eit omfattande antal turoperatørar i inn- og utland.

Ålesund & Sunnmøre Kart

Det offisielle turistkartet for Ålesund & Sunnmøre vert trykt opp i 80.000 eksemplar og vert distribuert i turistinformasjonar, på overnattingsbedrifter i regionen, trafikknutepunkt og andre stader der turistar ferdast.

Ålesund & Sunnmøre Produkt Manual

Produktmanualen gir ein detaljert oversikt over reiselivsproduktet Ålesund & Sunnmøre, er utvikla og produsert i 500 eksemplar og vert distribuert til turoperatørar og øvrige.

Ålesund & Sunnmøre Profilbrosjyre

Destinasjon Ålesund & Sunnmøre produserer ei salsbrosjyre med et rikholdig utval av flotte bilde frå Ålesund & Sunnmøre! vert produsert i 40.000 eksemplar, 16 sider, norsk/tysk/engelsk, fransk/spansk/italiensk og russisk/japansk/kinesisk utgåver. Reopplag i 2006 med høvesvis 10 000 eks. av norsk/engelsk/tysk utgave og 5 000 eks. av fransk/spansk/italiensk utgave. Distribusjon skjer på workshops og messer nasjonalt/internasjonalt, samt ved direkte henvendelser frå publikum og profesjonelle aktører. Inkludert i alle salsfremjande tiltak nasjonalt og internasjonalt.

Internasjonal marknadsføring

Ålesund & Sunnmøre sitt engasjement i den internasjonale marknadsføringa vert gjennomført i samarbeid med Møre og Romsdal Reiseliv, Fjord Norge AS og Innovasjon Norge. Destinasjon Ålesund & Sunnmøre deltek med heilsides presentasjonar i Fjord Norges Reiseguide samt halvsides presentasjonar i Innovasjon Norges Hovedkataloger. I tillegg er Destinasjon Ålesund & Sunnmøre presentert i Fjord Norges produktmanual, Innovasjon Norges temakampanjer retta mot segment som fiske/vandring/sykkel, Fjord Norges internettsider, Innovasjon Norge Reiselivs internettsider samt ei rekkje ulike nyheitsbrev retta mot turoperatørmarknaden.

Samla har Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i samband med messer og visningsturar løpande kontakt med nærare 450 turoperatørar frå heile verda.

Nasjonal marknadsføring . Ferie & Fritid.

Destinasjon Ålesund & Sunnmøre har et høgt aktivitetsnivå mot den norske ferie & fritidsmarknaden. Hovudelementa i aktiviteten er;

Presse- og turoperatørbesøk.

Destinasjon Ålesund & Sunnmøre er profesjonell på å ta imot pressen, og vise dei rundt på Sunnmøre. Presseoppslag er rimelegaste form for marknadsføring, som også turister og forbrukarar generelt sett stoler på, og er derfor svært viktig for oss.

3. FORUTSETNINGAR FOR Å LUKKAST LOKALT

Det er ei rekkje forutsetningar som må vere på plass for å lukkast med reiselivssatsing lokalt i kommunen:

Den enkelte kommune må satse på reiseliv gjennom å delta i satsingane til Destinasjon Ålesund & Sunnmøre. Reiselivsaktørane i ei kommune kan ikkje verte medlemmer i destinasjonsselskapet og verte marknadsført gjennom destinasjonsselskapet uten at kommunen er med.

Skodje kommune bør såleis posisjonere seg som en pådrivar i reiselivssatsing gjennom medlemskap i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre- og ikkje hindre at

reiselivsnæringa kan utvikle seg! Dersom Skodje kommune melder seg ut, vil reiselivsaktørane måtte melde seg ut av destinasjonsselskapet, og får som resultat ikkje ta del i marknadsføringsarbeidet som vert gjort.

Dernest bør kommunen og reiselivsaktørane gjere sitt tilbod tilgjengeleg, og informere om sitt tilbod gjennom aktuelle kanaler.

Kommunen bør hjelpe ”ildsjeler” i reiselivsbransjen og handelsnæringa i å utvikle sine produkter vidare. Til dette vil det vere behov for økonomisk støtte.

Reiselivssatsing og tilbod bør vere bygd på lokal kultur, lokal mat, natur og opplevingar. Turistane spør etter det unike, det som er spesielt i kvar enkelt kommune.

Kommunen bør vere pådrivar for å få til lokalt engasjement for reiselivssatsing. Det kan visast til gode erfaringar frå andre kommunar, der både ordfører, rådmann og næringsforum engasjerer seg aktivt i å støtte reiselivssatsinga, noko som gir resultat. Skodje kommune må ha som mål og opprette eit eige reiselivsforum med eigen leiar, og som innkallar de største aktørane innanfor reiseliv/kultur/friluftsliv til å delta i månadlege møter.

Forslag til oppgåver for et slikt forum:

- A** Å få kjennskap til eige tilbod i kommunen – kva finst på Skodje
- B** Gjere tilboda tilgjengeleg overfor dei riktige aktørane. Destinasjon Ålesund&Sunnmøre er avhengig av informasjon frå kommunar og reiselivsaktørar for å kunne anbefale turister å reise dit samt marknadsføre produkta gjennom turistinformasjonen, informasjons- og marknadsmateriell samt nasjonale og internasjonale kampanjar.
- C** Aktivt kome med forslag til produktutvikling og opplevingar for turister, kvalitetssikre disse og sende informasjon til Destinasjon Ålesund & Sunnmøre.

4. KVA TILBOD FINST DET PÅ SKODJE

Skodje har fleire tilbod til turistane allereie, blant anna innafor **fiske og friluftsliv**, idylliske sætrer og gamle skogsveger, snaufjell og topper med vidt utsyn. Skodje har spesielt gode tilbod for eit aktivt friluftsliv året rundt, noko mange turister set høgt. **Saltvasstraumane ved Dragsundet** og ved de flotte Skodjebruene i Straumen er svært gode fiskeplassar. Ved Dragsundet har eksempelvis Skodje Jeger- og fiskarforeining lagt til rette for at rullestolbrukar kan fiske og i Solnørelva og Engesetdalsvatnet er det **lakse- og ørretfiske**.

Området ved bruene over Straumen er dessutan mykje brukt til **dykking**, og i Atlanterhavsparken i Ålesund er nettopp dette særprega undervassmiljøet i denne straumen gjenskapt.

Om vinteren blir det fleire stader kjørt opp **skiløyper**, og i det lengste samanhengande rutenettet kan turister gå milevis på kryss og tvers i preparerte løyper mellom Skodje sentrum, Fylling, Ørskog, Ørskogfjellet, Tomrefjord og så vidare. Ruta ligg i **familievennleg** terreng, og går innom ulike stølar i området.

Haugtua og Niusen er to turmål i Skodje. Tuene går gjennom skoglendt terreng, stiane er godt merket, og det er en imponerande **utsikt** på toppen.

Ved **Solnør Gaard Golfbane** (medlem i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre) ligg den einaste golfbana med 18 hol mellom Trondheim og Bergen i praktfulle omgivelser, og er et godt tilbod for turister turistar som spelar golf.

Vika feriesenter – Turister kan overnatte i velutstyrte hytter for 4-6 personer hos **Vika Feriesenter** (medlem i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre). Flott campinglass for telt og vogner, og tilgang til fellesområde med fasilitetar som dusj og kiosk. Gode moglegheiter for fiske, båtutleie og badestrand.

Solnørvika Fritid – turister kan bu i vakre omgivelser hos **Solnørvika Fritid** (medlem i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre). Her finn turistane flotte områder for telt, vogner og bubilar, og både enkle hytter og fullt utstyrte leilegheiter. Fellesområde med alle fasilitetar og tilgang til båtutleie og sløyebank.

Storfjord Gjestehus (medlem i Destinasjon Ålesund&Sunnmøre) ligg vakkert til på en 24 mål stor privateigedom høgt over Glomset, med utsikt mot den storslegne **Storfjorden** og **Sunnmørsalpane**. Det flotte laftehuset tilbyr rustikk, men luksuriøs innkvartering for dei som forventar det lille ekstra.

Kunst/ kultur – Kvar år vert det arrangert **kunst utstilling** ved Skodje ungdomsskole, og her ser en mange lokale kunstnarar som sjølv har utvikla og produserer ulike produkter. Det er også et musikkmiljø bygd opp rundt Fjord Cadenza konseptet.

Hest/ kjerre– I Engesetdal finnes en privat ridebane(30x30) med fine moglegheiter for turar, et eldorado både for hestar og hesteeigarar med massar av stier og grusvegar å ri på, i tillegg kan en bade i vannet og ta seg en tur i fjellet.

Hytteutleige – På Stette finnes det hytteutleigarar som tilbyr hyttene sine til tyske turister.

Skodjebrua - **Skodjebrua** (gamle Straumsbrua) er kjent som Nord-Europas største steinbru. Det kommer stadig turister til Straumsbrua for å ta bilder og oppleve brua.

Skodjekroa – tilbyr **lokal mat** (medlem i Destinasjon Ålesund & Sunnmøre).

IV. MÅLSETTING

OVERORDNA MÅL

For planperioden 2006-2010 er det overordna målet at:

Skodje kommune skal utnytte si geografiske plassering, og vere ein attraktiv og konkurransedyktig kommune både for næringsliv, kulturverksemd og privatpersonar.

Skodje kommune skal vere i fremste rekkje med å sette miljø og verdiar i fokus.

MÅLSETTING ANDRE PLANAR

Dei mål og tiltak som er sett i kommuneplanen for 2006-2010 gjeld også i høve til strategisk næringsplan. Eit av måla i denne perioden er at Skodje kommune skal:

Vere deltakar og pådrivar i regionalt interkommunalt samarbeid for å sikre positiv regional utvikling med omsyn til folketals- og næringsutvikling.

Næring og bustad er eit av satsingsområda, og hovudmålet er “Varierte og tilstrekkeleg arbeidsplassar i kommunen og regionen. Eit bustadtilbod som støttar etterspurnaden.”

Møre og Romsdal fylkeskommune sin strategiske næringsplan vil gje føring på dei mål og tiltak som Skodje kommune legg til grunn i sin strategiske næringsplan. I planperioden er det eit mål å halde arbeidsløysa i fylket under 2,5%. For planperioden 2006-2010 er det overordna mål at:

Møre og Romsdal skal vere eit attraktivt og konkurransedyktig fylke. Det offentlege skal i samarbeid med næringslivet medverke aktivt til auka verdiskaping i næringslivet ved å fremje tiltak som kan skape lønsame og konkurransedyktige bedrifter, og derigjennom sikre sysselsetjing. Næringslivet i Møre og Romsdal skal vere i fremste rekkje når det gjeld effektiv ressursbruk og omsyn til miljø.

V. STRATEGIAR

Gjennom strategisk næringsplan 2006-2010 ønskjer Skodje kommune å føre vidare og konkretisere dei delane av kommuneplanen 1995-2007 som har innverknad på næringsliv og busetnad. Handlingsplanen går fram av pkt. VI. Han er ikkje meint å vere uttømmende, men peikar på dei viktigaste områda kommunen må ta tak i, i planperioden. Nokre av tiltaka er nye, andre er innarbeidde og eksisterande.

SKODJE SOM EIN ATTRAKTIV KOMMUNE FOR ETABLERING

Skodje kommune fastset også rammevilkår som har verknad på om kommunen blir vald av etableraren. I denne samanhengen skal Skodje kommune vere ein medspelar, og må tilby kommunale tenester av god kvalitet innan rimeleg tid. Kommunen må difor vere medviten sitt ansvar for å leggje til rette for etablering anten det gjeld private som vil busette seg i kommunen eller næringslivsetablering eller –ekspansjon.

Skodje kommune skal leggje tilhøve til rette slik at det er attraktivt for næringslivet å halde til i kommunen. Det skal vere attraktivt for personer å flytte hit og bu i kommunen. Skodje kommune skal dessutan markere seg som eit alternativ når lokalisering av offentlege institusjonar blir diskutert.

NYETABLERING OG VIDARE UTVIKLING AV NÆRINGSLIVET

Næringslivet i kommunen samansett av ulike næringer og bransjar, og Skodje kommune ønskjer at mangfaldet skal førast vidare. For å kunne eksistere vil næringslivet i Skodje og regionen elles kontinuerleg tilpasse seg marknaden. Dette kan skje ved nyetableringar eller knoppskyting i allereie eksisterande bedrifter. Aktivt bruk av midlar sett av til bygdeutvikling er også med på å styrke eksisterande næringsliv.

Skodje kommune skal leggje tilhøva til rette slik at utvikling av eksisterande næringsliv kan skje i takt med samfunnsutviklinga. Det skal leggest til rette for nyetableringar.

REGIONAL NÆRINGSUTVIKLING

Viktige element i dei rammevilkår næringslivet i Skodje kommune har, er sett av sentrale styresmakter, t.d. arbeidsgjevaravgift, skattesystem, veginvestering m.m. Kommunen kan ikkje påverke desse direkte, men kan målbera signal frå næringslivet vidare til regionale og sentrale styresmakter slik at ein indirekte har høve til å påverke rammevilkåra.

Kommunen må ta omsyn til at Skodje er ein del av ein større bu- og arbeidsmarknads- region. Skodje kommune er med i fleire forum i regionen nettopp med tanke på næringsutvikling regionalt og lokalt, og Skodje må her markere seg som ein pådrivar og aktuell samarbeidspart.

Skodje kommune skal søkje å påverke sentrale mynde slik at dei rammevilkår som dei set, blir like i regionen og elles i landsdelen. Skodje kommune skal delta i tenlege lokale og interkommunale fora som har til formål å betre rammevilkåra og styrke næringsutviklinga lokalt og regionalt.

VI. HANDLINGSPLAN

SKODJE SOM EIN ATTRAKTIV KOMMUNE FOR ETABLERING

DELMÅL	MIDDEL/TILTAK	ANSVAR
INFRASTRUKTUR: Infrastrukturen i Skodje kommune skal betrast og utviklast med omsyn til næringsareal, god tilgang på elektroniske ”transportvegar”, godstransport og trafikken elles.	<ol style="list-style-type: none">1. Til ei kvar tid vere tilgjengeleg areal for næringslivsetablering og –ekspansjon. På sikt skal kommunen planleggje og eventuelt etablere eit nytt industriområde.2. Sal av næringsareal i kommunalt eige skal skje etter retningsliner sett av kommunestyret.3. Marknadsføring av ledig næringsareal.4. Industriområda skal ha fast dekke og gatelys, og elles vere pent opparbeidde, slik at dei verkar innbydande for etablerar.5. Påverke ansvarleg mynde slik at alle vegar innan kommunen , får fast dekke.6. Arbeide aktivt for at gang og sykkelvegar vert opparbeidd i størst mogleg utstrekning.7. Arbeide for at alle innbyggjarar skal kunne knyte seg til breiband.	<ol style="list-style-type: none">1. Det faste planutvalet/teknisk avdeling og planleggjar.2. Formannskapet (skal godkjenne kontrakter ved sal av større areal)/ rådmannen.3. Rådmannen i samarbeid med næringslivet elles.4. Teknisk avdeling.5. Ordførar/rådmann.
NYETABLERINGAR: Skodje kommune ønskjer å ha eit kontinuerleg tilfang av levedyktige nyetableringar slik at framtidig vekst og mangfald i næringslivet i kommunen er sikra.	<ol style="list-style-type: none">1. Etablere møteplass for moglege nyetablerarar.2. Etablering av kommunalt næringsfond.3. Rådgeving/rettleiing av nyetablerarar.	<ol style="list-style-type: none">1. Formannskapet/rådmann.2. Kommunestyre/rådmann.3. Plan/næring/miljø.

DELMÅL	MIDDEL/TILTAK	ANSVAR
BUSTAD: Skodje kommune skal vere ein attraktiv kommune å bu i, og det skal leggast til rette for eit godt bumiljø med allsidig kulturverksemd i heile kommunen	<ol style="list-style-type: none"> 1. Til ei kvar tid medverke til at det finst tilgjengelege bustadtomter i alle krinsane, i kommunal eller privat regi. Kommunen skal yte god og rask service ved byggesaksbehandling. 2. Støtte opp om ideelle organisasjonar og lag, anten økonomisk eller ved at dei kan nytte kommunale bygg 3. Leggje til rette for å auke tilgangen på utleigebustader. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Teknisk avdeling. 2. Formannskapet/rådmann. 3. Ordførar.

NYETABLERING OG VIDARE UTVIKLING AV NÆRINGSLIVET

DELMÅL	MIDDEL/TILTAK	ANSVAR
SKULE – NÆRINGSLIV: Samarbeidet mellom skule og næringsliv må bli betre slik at næringslivet lokalt og regionalt er sikra rektruttering i framtida.	<ol style="list-style-type: none"> 1. Distriktsaktiv skule, og næringsliv i skulen. 2. Fylkeskommunen må gi tilbod om utdanning i regionen i dei faga næringslivet etterspør. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Formannskap/rådmann. 2. Ordførar.
MILJØFOKUS: Skodje kommune skal vere i fremste rekkje med å setje miljø og betring av miljø i fokus.	<ol style="list-style-type: none"> 1. Etablering og aktiv oppfølging av miljøforbetningsplanar på industriområda. 2. Arbeide aktivt for å vidareutvikle sentrum til eit triveleg og attraktivt bu og handelsområde. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Teknisk avdeling. 2. Viser til tettstadanalyse/plan.
JORD- OG SKOGBRUK: Landbruket si utvikling er styrt av den nasjonale landbrukspolitikken. Innanfor desse rammene skal det arbeidast for å oppretthalde og vidareutvikle landbruket i Skodje kommune. Ta vare på ressursane i næringa gjennom	<ol style="list-style-type: none"> 1. Bidra til berekraftig og meir robuste einingar innan landbruket gjennom målretta bruk av jord- og konsesjonslova og tiltak for meir samarbeid/samdrift. 2. Utarbeide oversiktsplanar for landbruket. 3. Tilrettelegging av tilleggsnæringar innan jord- og skogbruk med aktivt bruke BU-midlane og andre 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Formannskapet og landbruksfagleg personell i samarbeid med næringa. 2. Formannskapet og landbruksfagleg personell 3. Formannskapet, landbruksfagleg personell, Innovasjon Norge og

aktiv oppfølging av planprosessar i kommunen.	tilskotsordningar som er tilgjengelege gjennom Innovasjon Norge og Møre og Romsdal fylke. 4. Innan skogbruket skal det arbeidast for å leggje til rette for tiltak for skogpleie og avvirking av skog. Bioenergi er eit viktig satsingsområde.	Møre og Romsdal fylke i samarbeid med næringa. 4. Formannskapet og skogbruksfagleg personell i samarbeid med næringa.
-----------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------

REGIONAL NÆRINGSUTVIKLING

DELMÅL	MIDDEL/TILTAK	ANSVAR
REGIONALT SAMARBEID Vere deltakar og pådrivar i regionalt interkommunalt samarbeid med omsyn til næringsutvikling.	1. Medlem i Ålesundsregionen utviklingskontor, Destinasjon Ålesund og Sunnmøre, Sunnmøre næringsråd, og Sunnmøre tiltaksforum.	1. Formannskap/rådmann.
LOKALT SAMARBEID Vere pådrivar og leggje til rette for aktuelle møteplassar for lokalt næringsliv.	1. Regelmessige møter med næringslivsfolk. 2. Regelmessige møter med Statens Vegvesen.	1. Ordfører/rådmann 2. Ordfører/rådmann

VII. VEDLEGG

OVERSYN OVER NETTVERK – NOKRE AKTUELLE AKTØRAR OG VERKEMIDDEL I ÅLESUNDSREGIONEN

Næringsarbeid handler mykje om samarbeid og kopling av dei ressursane som ligg der allereie. Kompetanse og menneskelege ressurser står sentralt, og det er ikkje berre ein enkelt person eller ei lita gruppe personar som skal arbeide med næringsutvikling i Skodje kommune.

Skodje kommune – ordførar, kommunestyre og formannskap

I Skodje kommune er ordføraren den politiske frontfiguren i kommunen. Han er også bindeleddet mellom politikarane og administrasjonen. Kommunestyret er det øvste politiske styringsorgan i kommunen. Ein del av medlemmane i kommunestyret utgjer formannskapet. Formannskapet er også næringsutval og landbruksnemnd.

Skodje kommune – rådmann, administrasjonen elles

Rådmann er den administrative leiaren i kommunen, og har m.a. ansvar for å samordne avdelingane i kommunen.

Administrasjonen er delt opp i 12 sjølvstendige driftseiningar med egne leiarar som rapporterer direkte til rådmannen.

Skodje kommune har ikkje eigen næringskonsulent, slik at denne oppgåva er lagt til ordføraren.

Nokre lokale og regionale nettverk

Innan regionen er Skodje kommune med i fleire forum med tanke på næringsutvikling: Ålesundregionens Utviklingskontor held til i Ålesund og arbeider for eit regionalt samarbeid om næringsutvikling og kommunal produksjon for kommunene Ålesund, Giske, Haram, Sula, Ørskog og Skodje.

Skodje kommune er også medeigar i Sunnmøre Veginvest, som er eit selskap som har som oppgåve og arbeide for betre kommunikasjonar i regionen.

Sunnmøre Næringsråd er ein interesseorganisasjon for kommunane på Sunnmøre innan næringsutvikling. Næringsrådet er talerøyr for næringslivet på Sunnmøre i saker som gjeld rammevilkår, samferdsle, m.m. Rådet er også sekretariat for ordførarmøte på Sunnmøre. Næringsrådet skal verke både som ”døråpnar”, kontaktskaper og kunnskapsformidlar. Dei gir normalt ikkje bedriftsretta støtte eller rettleiing.

Innovasjon Norge, har ulike finansieringstilbod til

Næringslivet, og er ein aktuell medspelar for både nyetablerar og allereie etablert industri.

Møre og Romsdal Bedriftsrådgiving (MRB) er ein fylkeskommunal stifting som gir rådgjeving til etablerte bedrifter i fylket. Dei har eit vidt produktspekter å tilby. Sentralt er hjelp til sjølvhjelp. MRB er ein aktuell samarbeidspart for nyetablerarar. I tillegg til etablerarskule gir dei gratis rådgjeving til dei som vil etablere seg (inntil ti timar per etablerar.). For å best mogleg effekt av rettleiingstimane, er det ønskeleg at kommunen kan hjelpe til i den aller første fasen i etableringsprosessen.

Møre og Romsdal fylkeskommune – nærings- og miljøavdelinga

Fylkeskommunen ved nærings- og miljøavdelinga har ansvar for utarbeiding og rullering av strategisk næringsplan for fylket. Dei har eit ansvar både når det gjeld den

faglege oppdateringa av dei kommunale næringskonsulentane og når det gjeld næringsutvikling elles. Fylkeskommunen har fleire næringskonsulentar med bransjekunnskap som yte rettleiing både til bedrifter og etablerarar.

Fylkesmannen

Fylkesmannen er staten sin representant i kommunen. I mange høve er fylkesmannen klageinstans for kommunale vedtak. I tillegg til juridisk rettleiing får kommunen landbruksfagleg hjelp frå fylkesmannen. Det er fylkesmannen ved landbruksavdelinga som yter BU- midlar.

Arbeidskontor

Skodje kommune høyrer til arbeidskontoret i Ålesund. Etaten har som mål å hjelpe arbeidssøkjjarar med å få jobb, yte bistand til arbeidsgjevarar ved rekruttering og omstilling, samt å hindre og dempe skadeverknadene av arbeidsløyse.

Frå den 1.07.2006 vert Aetat, trygdeetaten og sosialkontora samanslegne til felles avdelingar rundt om i kommunane. (NAV).

Da er det tanken at ein skal kunne få allsidig rettleiing på ein stad innafor si eiga kommune. For Skodje kommune sitt vedkomande, vert det nye NAV-kontoret samlokalisert saman med kommunen sine andre servicefunksjonar på rådhuset.

UTFYLLANDE TABELLAR TIL TABELLANE 1 OG 2

	Antall bedrifter i Skodje kommune		Antall bedrifter i Ålesundsregionen	
	1985	1995	1985	1995
Industri i alt	26	31	448	438
Næringsmiddel	0	1	86	95
Tekstilvare m.m.	1	0	56	49
Trevare	14	10	79	69
Treforedling m.v	1	2	35	40
Kjemisk produkt	3	2	22	22
Mineralske produkt	0	3	14	14
Metaller	0	0	0	1
Verkstadprodukt	7	13	144	143
Industriprod. elles	0	0	12	5
Bygg og anlegg	62	54	585	526

	Antall bedrifter i Skodje kommune		Antall bedrifter i Ålesundsregionen	
	1985	1995	1985	1995
Varehandel, hotell- og restaurant i alt	34	35	1134	1151
Engros- og agentur	4	12	385	425
Detaljhandel	29	20	681	624
Hotell- og restaurant	1	3	68	102
Transport og kommunikasjon	21	25	295	315
Bank forsikring m.m. i alt	10	10	347	433
Bank og finansiering	2	1	56	55
Forsikring	0	0	33	29
Eigendomsdrift og forretningsmessig tenesteyting	8	9	258	349

	Antall bedrifter i Skodje kommune		Antall bedrifter i Ålesundsregionen	
	1985	1995	1985	1995
Offentleg, sosial og privat tenesteyting i alt	13	39	235	714
Offentleg adm., forsvar, politi og rettsvesen	-	5	-	44
Renovasjon og reingjering	3	2	24	23
Undervisning, helse og andre sosiale tenester	-	22	-	390
Kulturell tenesteyting, underholdning og sport	-	3	-	44
Personleg tenesteyting	10	7	211	213

Kjelde for tabellane er Statistisk sentralbyrå.